



Noverande HUBB mottar trampeklapp saman med solistane og dirigenten. (Foto: Rolf Hestetraet)

Jubileumskonserten med Hordalands Ungdoms Brass Band (HUBB) søndag ettermiddag vart ei fantastisk oppleving.

Både dei unge musikantane og dei innleigde solistane imponerte stort, og minnene frå konserten vil sitja spikra både hos det store publikum og hos muskarane i lange tider framover.

Heile 11 ungdommar frå Kvinnherad var aktive på den flotte førestillinga, 5 av desse kom frå Uskedalen. Det bør vi absolutt vera stolte av!!



Leiar i NMF Hordaland Erik Helland overrekkjer blomar og takkar leiarane Kjersti Pisani og Ole-Johan Aarlie for stor innsats gjennom 5 år.
(Foto: Rolf Hestetræet)

HUBB vart starta for 5 år sidan, og jubileumssamlinga på Sotra i helga var nummer 21 i rekkja. Heile perioden har korpset, med 4-5 årlege samlingar, vore ein populær samlingsstad for dugande korpsungdommar frå heile fylket. Korpset har vore kjent for høgtmusikalsk nivå og eit heilt eigenarta og godt sosialt fellesskap. På samlinga i helga var heile 72 musikantar samla. Dei var fordelt på to korps; dagens HUBB og eit korps samansett av veteranar som har vore med i tidlegare årgangar av HUBB. Musikantar med bakgrunni heile 27 skulekorps var med på samlinga som starta fredag i kveldinga og vart avslutta med konsert søndag ettermiddag.



Alle dei 72 som var med på samlinga. (Foto: Rolf Hestetræet)

Konserten samla fullsett sal, og noverande HUBB var første post på programmet. Dei starta med to solide brassbandstykke, og under leiing av den dyktige og humørspreiande dirigenten, Eirik Gjerdevik, var den gode stemninga sett alt frå første tone. Tredje nummer var den velkjende Queen-klassikaren Bohemian Rhapsody. Her fekk korpset assistanse av den eminente gitaristen Frode Alnæs som var leigt inn som gjestesolist med veterankorpset. Vakkert og utsøkt samspel var det!

Deretter var det klart for den andre gjestesolisten for kvelden, - velkjende Tor Endresen. Den eine sviska etterfulgte den andre, og både korpset og den profesjonelle songaren imponerte.

Det gjorde og Frode Alnæs som spontant også vart med på desse nummera! Skikkeleg god storbandstemning!! Det blir feil å trekkja fram einskildnummer. Alt var topp!! Heile programmet var godt oppbygd, og hadde ein nydeleg avslutning då Endresen song duett med kornettist i HUBB, Marte Lokøy Torgersen, i Sinatra-klassikaren Something stupid. Sjølvsaugt velfortent trampeklapp som resulterte i eit kjærkome ekstrasnummer.

Dermed var det sceneskifte, og musikkpausen vart brukt til å bera fram helsingar til eldsjelene bak HUBB, ekteparet Kjersti Pisani og Ole-Johan Aarlie. Leiar i regionstyret for NMF Hordaland, Eirik Helland, helsa og overrekte blomar frå kretsen. Også foreldra bar fram helsing og takk til dei to. Kjersti og Ole-Johan tok initiativet til korpset for 5 år sidan og etterdet har dei gjennom ein kjempeinnsats stått for heile drifta av korpset. Dei har lagt ned eit stort og viktig arbeid for korpsungdommane i fylket. At dei vert sett stor pris på, viser alle dei unge i korpsfamilien som omtalar dei to som mor og far!

Veterankorpset si avdeling starta med 3 gode brassbandstykkje før dei i samspel med Frode Alnæs gav publikum nye flotte opplevingar gjennom 5 nummer. Eit av deivar ein nydeleg versjon av Alnæs sin kjende komposisjon Vitae Lux. Mange sette nok ekstra pris på å høyre denne favorittmelodien med den eminente gitaristen som solist. Alnæs kunne fortelja at han komponerte stykket alt som 17 åring, rett nok med ein heilt annan tittel. Elles krydra Alnæs denne avdelinga med sitt smittande humør og gode verbale innslag.

Stian Svendsen hadde dirigentansvaret for dette korpset, og han og musikantane hadde tydelegvis samarbeidd godt. Utruleg at eit korps som samlast for førstegang ein fredagskveld, kan presentera eit slikt konsertprogram den påfølgjande søndagen!!

Den dugande konferansieren Stein Skorpholm må også nemnast. Han skal og ha sin del av æra for den gode stemninga under konserten.

Publikum nyt nok endå den gode musikalske stunda som varte i to timar. Mange ser fram til hentekonsert etter den neste HUBB-samlinga. Og vi kvinnheringane er heldige! Den er nemleg i Uskedalen andre helga i april. Då bør det bli fullt i Aktivitetshuset!!

Av Thor Inge Døssland